



Volda  
kommune

# Innspel frå lag og organisasjonar

Til kommuneplanen sin samfunnsdel



25.01.2022

## Innleiing

I samband med arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel inviterte Volda kommune til ei samling med lag og organisasjonar på Volda Samfunnshus, tysdag 25. januar 2022 kl. 19.00–21.00.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Målet med møtet var å informere om arbeidet og samle innspel frå frivilligheita til tre hovudtema i planen: Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring og Grøn omstilling.

## Program:

- Velkomen v/ordfører Sølvi Dimmen.
- "Frivilligåret 2022" v/Astrid Gjersdal, leiar frivilligsentralen
- Informasjon om kommuneplanen sin samfunnsdel v/Regine S. Aklestad
- Innspel og gruppearbeid
- Presentasjon gruppearbeid

Under "Innspel og gruppearbeid" vart deltakarane fyrst bede om å svare på fire spørsmål individuelt på mentimeter. Etterpå jobba deltakarane i grupper, med ulike spørsmål knytt til hovudtema. Dette dokumentet inneheld ei oppsummering frå møtet og innkomne innspel. Innspela er forsøkt samla og forenkla etter tema. Dokumentet skal nyttast i vidare arbeid med samfunnsdelen, og vil vidareformidlast både internt i administrasjonen og til politikarane. I tillegg håper administrasjonen at lag og organisasjonar kan nytte prosessen som inspirasjon til eige arbeid. Det kan til dømes vere tema og gode idear som kom fram på møtet, som lag og organisasjonar sjølv kan å setje på dagsorden eller realisere.

## Deltakarliste:

Ordfører	Sølvi Dimmen
Varaordfører	Sverre Leivdal
Kommunedirektør	Rune Sjugard
Kommunalsjef	Jarl Martin Møller
Folkehelsekoordinator	Mona Helen Kile
Kommuneplanleggar	Regine S. Aklestad
Frivilligsentralen	Kristine Sofie Orheim Hansen
Frivilligsentralen	Astrid Gjersdal
Frivilligkoordinator	Janne Kaald Arntsen
Frivilligkoordinator	Manuela Erlbeck
Hornindal skisenter	Arve Hovdenakk
Austefjord IL	Ivar Andre Skare
Mork IL	Agnieszka Papierska
Hornindal idrettslag	Robert Grodås
Volda e-sport	Harald Utnes Kvangarsnes
Volda Røde kors	Audun Kr Høidal
Friluftsföreninga	Runa Bakke
Volda skulekorps	Oddbjørn Nygård
Sunnmørsk klatreklubb	Øyvind Festø
Naturvernforbundet	Knut Festø
Volda folketeater	Synne Sandberg
Volda judoklubb	Thomas Paulen
Volda frilynde ungdomslag	Lars Grevsnes
Volda frilynde ungdomslag	Svein Arnesen
Volda idrettsråd	Olav Fure
Trivsel i sentrum	Nina Ulvøy
Trivsel i sentrum	Ellen Hesselberg
Fairtrade Volda Ørsta og Grønt forum	Ingrid Opedal
Green fingers og Grønt forum	Wendi Sund Stråbø
VTI Alpint	Arne Lothe
Volda Turn og Idrettslag - allidrett	Thor Halvard Flacké Botnen
VTI Fotball	Rønnaug Myklebust
Volda skisenter	Jens Standal Groven
Volda sogelag	Odd Kåre Oddmundson Fløtre

## Kva vil du trekkje fram som særlege kvalitetar ved voldasamfunnet?

Mentimeter



## På kva måtar bidreg lag og organisasjonar til attraktive lokalsamfunn i dag?

Mentimeter

Yj	Uvurderlig	Skaper breidde i tilbodet
Veldig mykje. Utan frivillige hadde kommunen stoppa opp.	Varierte fritidstilbod	Uunnværlig livskvalitet
Det skjer mykje i Volda. Mange aktivitetar å delta på. Det gjer det attraktivt å bu i Volda.	Sosiale arenaer	Fritidsaktivitet tilbod
Aktivitetar for barna er viktig	Der er noko for alle	Med liv og arrangement, men primært med inkluderande aktivitetar i det daglege.
Meningsfylt fritid, på mange forskjellige områder. De fleste finner noe som passer for dem.	Ved å ha tilbod til ulike grupper også i utkanter av kommunen	Meningsfulle fritidsaktivitetar som bidreg til fysisk aktivitet og sosiale møteplassar
Initiativ og utvikling	Skaper møteplass	Eit aktivt og levande lokalmiljø for alle. Mange flinke frivillige gjer det godt å bu og vekse opp i Volda.

Skapar allsidig aktivitet for alle aldersgrupper, der mange kan delta. Bidreg som samlingspunkt for felles interesser og redusere utanforskap.	Skaper fellesskap og høve til handling	"Liv og røre" i kommunen
Mange tilbud, inkluderande	Skapar aktivitet for store og små. Meining og retning i kvardagen.	Tilbod uansett interesse. Lavt kostnadsnivå, men dette er truga av generell prisauke. Generelt bidreg frivillige til at folk har tilbud på fritida!
Skaper fellesskap og meining	Meiningsfull fritid	Legg ned mykje arbeid for innbyggarane. 330 lag/org viser mangfaldet
Lim i lokalsamfunnet	Ulike aktivitetar bidreg til å skape samhald og førebyggje einsemd	Med gode aktivitetar. Fellesarrangement. Motarbeider einsemd. Gode møteplassar.
Gir born og unge fellesskapsarenaer	Skapar kontakt og er bruyggarar.	Skaper engasjement
Dei er limet! Kommunen som tilretteleggjar er viktig, men vert ofte opplevd som ein seindrektig bremsekloss. Utan dei frivillege organisasjonane ville ikkje det vore mykje å ta seg til utanfor arbeids-/skuletid.	Gode møteplasser, mindre einsemd, aktivitet, betre helse.	Bidreg til å inkludere og aktivisere
Ved å legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, fremje ulike interesser, bygge demokrati, skape tilhør, inkludering	Gjer att den enkelte føler tilhørighet, bidrar til sosiale møtestadar, støtter opp og utviklar den enkeltes ferdigheter/evner.	Det gir eit godt fritidsmiljø, der alle kan føle seg inkludert, og føle forbetringar i seg sjølv
Bidreg til læring og samarbeid	Bidrar til auka livskvalitet.	Naturen

## Kva meiner du det vil vere viktig å satse på i framtida, for å skape attraktive og levande lokalsamfunn?

Mentimeter



Kva opplever de er dei største utfordringane når det gjeld frivillig arbeid?

Kva skal til for å løyse desse utfordringane?

Det er vanskeleg å få personar til å ta på seg leiarfunksjonar, få folk til å sitte i verv.

Skape nettverk som kan styrke kvarandre.

Rekruttering

Kan tenkje meir kreativt ift å gi noko tilbake, at frivillige får "noko igjen" for arbeidet.

Økonomi

Burde vore mindre "byråkrati" og myndigheitskrav.

Hjelp til søknadsskriving.

Det er vanskeleg å få personar til å ta på seg leiarfunksjonar.	Dei som tek på seg leiarverv må få meir støtte og status. Verdsette arbeidet. Kan kommunen støtte?
Få folk til å sitte i verv (styre, trenar osv.).	Vanskeleg å sjå føre seg løysingar. Myndigheitskrav må vurderast (t.d. kontrollutval) må forenklast. Legge til rette for enklare kvardag - digitalisering. VIPPS-betaling er t.d. ei forenkling av medlemskontingentar; slepp køyre rundt med brev/fakturaer. Digitale medlemsregister. Forenkle aktivitetskrav (eigne krav).
Dugnadsånda er under press.	Tenkje kreativt ift. å gi tilbake; at frivillige får "noko igjen" for arbeidet.
Dugnadsånda er svekka.	Lett tilgang på utstyr frå kommuna dersom det trengs. Mobilisere for å få til felles tilhørigheit.
Rekruttering	Gjere det lystbetont, felles frivillighetsfest. Få nokre kanalar inn i skule, høgskulen for samarbeid på tvers. Samarbeid på tvers.
Rekruttering	Marknadsføring. Synleggjere verdien av frivillig arbeid. Invitasjon! Tilrettelegging og organisering.
Rekruttering	Meir synlighet. "Rekrutter ein ven".
Menneskelige ressurser. Skape engasjement/mentalitet	
For få engasjerte vaksne.	Frivilligskatt (for 15 000 kan du sleppe dugnad/frivillig arbeid). 50 % mindre eigeidomsatt viss du kan dokumentere dugnadsinnsats.
Få tak i frivillige og behalde dei.	Marknadsføring, inkludering av nye (og gamle). Frivillige må føle dei sitter igjen med noko.
Inkludering av personar som ikkje er frå Noreg/er kjende med dugnad.	Lag og organisasjonar må ha ei bevisstheit kring dette. Invitere inn. Volda læringscenter er viktige aktørar. Viss ein hadde eit "Organisasjonsforum" kunne dette t.d. vore tema på ei samling. Korleis inkludere personar som ikkje er frå Noreg, eller andre tilflyttarar, i lag og organisasjonar? Volda Læringscenter kunne t.d. seie noko om dette.
Forgubbing	
Er det for mange lag?	Skape nettverk som kan styrke kvarandre.
Ofta dei same frivillige som går igjen i ulike lag/foreningar.	Det må vere enkelt å kome inn som frivillig. Få konkrete oppgåver og ikkje bli overøst av masse anna fordi ein viser engasjement (om ein ikkje vil).
Forventningar til kva frivillige kan bidra med.	Tilrettelegging. Haldning. Kunnskap.



Økonomi, tyngande.	Ei lokalavis til annonsering (Ørsta-Volda). Annonser er dyre. Med to lokalaviser vert det dobbel utgift. Avisene hadde eit samarbeid om dette tidlegare. Gratis lokale.
Økonomi.	Gjere det enkelt å søke midler.
Økonomi.	Tilskotsordningar - gjere kjent. Hjelp til søknadsskriving. Enkle søknadsprosedyrar.
Kostnad - treningstider/deltaking i lag og organisasjonar - Treningsavgift - Anleggsleige	Kommunen støttar økonomisk.
Auka kostnadsnivå.	Støtte til lavterskeltiltak/gratistiltak.
Auka krav til dokumentasjon. Kvalitetsarbeid bidreg til kostnadsauke.	Samarbeid kan hjelpe.
Koordinering (av idretten) - og på tvers av ulike aktivitetar. T.d. slik at barn og unge kan vere med på ulike aktivitetar.	Koordinere via idrettsrådet, bruke idrettsrådet aktivt. Aktivitetskalender - enkle løysingar der ein kan publisere i fleire kanalar. Kommunen (kultur) administrator - koordinerer. Kommunen som koordinerande instans og som veileder.
Finne arenaer å vise seg fram på.	Type Øyralangs, kan ein finne ein dag på våren også? Ein slags festival?
Det må vere verdibasert og ikkje vekstbasert.	
Dei små organisasjonane må og bli sett.	

Kva håper de lag og organisasjonar/kommunen/næringsliv og/eller andre aktørar samarbeider om i framtida for å skape attraktive og levande lokalsamfunn?

- Kommunen kan stille med gode og lett tilgjengelege lokaler.
- Låne ut/leige ut lokaler til kvarandre.
- Multihall/kulturhus
- Lavterskeltilbod for ungdom under tak. Næringslivet kan bidra med mat, pengar, møblement, utstyr.
- Å skape inkluderande møteplassar som inviterer til samarbeid og utvikling.
- Gode og attraktive oppvekstmiljø - trygge og inkluderande.
- Skape bredde.
- Satsing på Voldadagen.
- Spele på kvarandre, nyte godt av synergieffekt av det andre arrangerar. Eks: stor turnering/arrangement ei helg; restauranter har opent ekstra.
- Unngå fleire store arrangement (med same målgruppe) på same dag.
- Nettportal som holder seg over tid.
- Friskus og felles nettportal - tja - det er vel og bra, men burde vore ein automatikk i at nettsidene oppdaterte seg. Det er tidkrevjande å måtte oppdatere og legge til arrangement og informasjon både på eiga nettside, facebook, friskus osv.
- Kommunikasjon og samarbeid er så viktig.
- ALT!
- Lytte til kvarandre.
- Vere opne for gode og ville idear.
- Kommunen må bli betre på å legge til rette. Eks. straumtilgong i sentrum og langs Elvadalen.
- Kommunen er meir positiv til det dei frivillige klarer å skape, eks. betale straum til Stadionparken, klippe gress Stadionparken (sommjarjobb ungdom/flyktingar?).

Korleis kan lokalsamfunnet/lag/organisasjonar bidra for å førebygge utanforskap og inkludere fleire?

Lavterskeltilbod

Fritidskort og følgekort

Økonomi må ikkje vere til hinder.

Jobbe meir for å inkludere flyktningar.  
Gjerne samarbeide med Volda læringscenter.

Lag og organisasjonar må ta ansvar for å invitere.

BUA

- Lavterskeltilbod.
- Lavterskel å vere med.
- Lage lavterskeltilbod.
- Lavterskeltilbod. Rimelege/gratistilbod.
- Lav "inngangsbillett" for deltaking.
- Økonomi må ikkje vere til hinder.
- Ha tilbod til alle.
- BUA er flott.
- Fritidskortet er viktig.
- Fritidskort! Om ikkje anna så for lavinntektsfamiliar.
- Følgekortordninga er viktig.
- Få ungdomsklubben i gang!
- Skape møteplassar.
- Lag og organisasjonar må ta ansvar for å invitere.
- Opne opp og invitere til å delta i aktivitetar ein held på med.
- Spreke pensjonistar kan vere ein ressurs.
- Jobbe meir for å få/inkludere flyktningar. Gi eigne innførings-/testingtilbod til denne gruppa. Dette er veldig nytt for mange. Samarbeid gjerne med Volda læringscenter.
- Berekraftig liv i Bergen: sjå på dette og sjå om dette kan vere noko for oss. (Nabolag, grendalag). <https://www.barekraftigeliv.no/>
- Tilpasse informasjon til målgruppa.
- Samhandlingsarena på nett. ([volda.friskus.com](http://volda.friskus.com))
- Støttende mentalitet.
- Transport er utfordring for mange.

Korleis kan vi skape eit (meir) aldersvenleg samfunn?

- Møteplassar på tvers av generasjonar.
- Legge øving/lagsarbeid der dei eldre er, t.d. på omsorgssenteret.
- Utnytte engasjement/kunnskapen som finnes i denne gruppa så dei (som ynskjer) kan bidra med sin kunnskap til andre (motverker einsemd. Skaper aktivitet og ein meningsfull kvardag.)
- Spreke pensjonistar kan vere ein ressurs. Vere flinkare til å spørje pensjonistar om å delta i frivillig arbeid.
- Satse på førebygginga.
- Fysisk aktivitet er svært viktig!
- Bevaring av nærtur/friluftsliv.
- Aktivitetstilbod i nærnatur.
- Turveg rundt Rotevatnet er svært viktig! (Ev. sti)
- Trimgruppe, trening for eldre målgruppe. Kafé.
- Nærheit til aktivitetar - fysisk og sosialt.
- Fysisk nærleik til aktivitetar.
- Aktivitetar for alle funksjonsnivå.

- Gratis eldretrim ol.
- Folkehelsebasseng.
- Tilgjengelege hjelpemiddel/infrastruktur.
- Godt strødde vegar.
- Måking og strøing.
- Lage til eit godt kollektivtilbod.
- Kollektivtilbod.
- Betre kollektivtransport.
- Gang- og sykkeltilbod.
- Kollektive buformar.
- Tilrettelegge lokale for alle.
- Bofellesskap for eldre/kollektiv?
- Ta eldrerådet på alvor.
- Gje frivillige lag og organisasjonar rådgjeving ift. "aldersvenlege" tiltak.
- Styrke barneskulane!
- Styrke barnehagane!

Korleis kan vi skape gode sosiale arenaer – saman?

- Korleis kan lag og organisasjonar samarbeide på tvers, for å skape gode sosiale arenaer?
- Har de gode idear til korleis ein kan skape fleire sosiale møteplassar på tvers av generasjonar?

Kva med Volda Foreningsforum?

Lokaler til disposisjon

Dele på utstyr og kompetanse

Koordinere aktivitetar - samhandlingsarena på nett.

Fleire barnegrupper på eldresenter

- Kva med å lage eit frivillighetsforum der ulike lag/organisasjonar møtast for å diskutere eventuelle samarbeidsprosjekt? Volda Foreningsforum!
- Fleire møter som dette. Kva med "Volda Foreningsforum" 1-2 gongar i året?
- Dele på utstyr og kompetanse. Utveksle erfaringar med kvarandre.
- Spele på kvarandre sine kvaliteter (t.d. strikkekafé på etablert kafé).
- Koordinere aktivitetane.
- Bruke aktivt [volda.friskus.com](http://volda.friskus.com); samhandlingsarena på nett.
- Inviter dei til våre arrangement, og kanskje ha gjenbesøk dersom det går.
- Halde fram med frivilligsentralen.
- Biblioteket: Bygge større - større plass til møteplassar.
- At samfunnshuset og andre grendahus vert for alle.
- Stille lokaler til disposisjon.
- Gratis møteplasser, lavterskel. Eks: bålbrekking fast dag i veka. Frivilligsentralen (eller andre organisasjonar) stiller med kaffe/kakao. Dagtid, gratis (på Prestholmen, t.d.). Eldre kan kome, barnehage, folk i permisjon osv.
- Symjehallen: "gode prisar".
- Vinn-vinn å kombinere barnegrupper og eldresenter?
- Elever/barnehager inn i eldreomsorgen.
- Unge er gode på data - datakurs for eldre?
- Samhandling skule - samfunn. Døme: Tidligare hadde ein skule i Volda ei ordning der skuleborna som hadde heimkunnskap inviterte "folk i bygda" på middag ein gong i månaden. Dette var eit godt tilbod for mange eldre. Møteplass på tvers av generasjonar.
- Eldre har ofte kunnskap innan mykje forskjellig - legg til rette for arenaer der dette kan lærast bort (eks. sløyd, handarbeid, matlaging, historie).
- Frivillige eldre som leksehjelpere, inn på skulen osv.
- Støtteordningar.
- Matfestival - med mat frå ulike kulturar?






- Bruktsalg. (Utstyrspress.)
- Reparasjonsverkstadar.
- Få sirkulærøkonomi høgt opp på prioriteringslista.
- Sjå til Sirkula på Hamar: <https://www.sirkula.no/ombruk/>
- BUA
- Handle lokalt.
- Handle kvalitet.

På kva måtar kan kommunen, næringsliv, lag og organisasjonar samarbeide for å redusere klimagassutslepp i lokalsamfunnet?


- Byttedagar/byttekrok.
- Meir ombruk, reparasjon, dele og bytte (BUA, VØR).
- Sjå til Sirkula på Hamar: <https://www.sirkula.no/ombruk/>
- Berekraftig liv i Bergen: <https://www.barekraftigeliv.no/>
- Elsykkelordning.
- Fleire ladestasjonar.
- Betre kollektivtransport.
- Kommunale el-bussar/bilar til disposisjon til stemmer/turneringar og frakt på ulike måtar.
- Sjølvbetjente butikkar i bygdene.
- Handle lokalt.

## Eventuelle andre kommentarar til kommuneplanarbeidet


I samfunnsdelen må det synleggjerast at kommuna er positiv/skal jobbe for å tilrettelegge for frivillige lag og organisasjonar.




[Samskapingskommunen](#)




[Berekraftig lokalsamfunn](#)



[God helse og livskvalitet](#)



[Stoppe klimaendringane](#)



[God oppvekst](#)

